

Informasjonsskriv til tilsette – 28. mai 2020



Volda
kommune

Kjære medarbeidar i Volda kommune,

I dag har vi hatt kommunestyremøte. Fysisk møte med smitteverntiltak. På saklista var det mellom anna årsrapport og rekneskap for dei og gamle kommunane Hornindal og Volda. Desse kommunane går over i historia og siste årsrapport og rekneskap markerer ein ny tidsalder. Vi er no ei kommune, og vi som arbeider i denne nye kommunen skal ivareta tenestene og drive utvikling for ei felles kommune. Rekneskapen for dei gamle kommunane viste at vi har høgare drift enn inntekter, og at positivt resultat vert berga ved å bruke av fondsmidlar. Årsrapportane viser at det vert levert gode tenester til innbyggjarane. Det er jamt over god kvalitet på tenestene. Begge kommunane kom også relativt høgt opp på Kommunal Rapport sitt kommunebarometer i 2018. Hornindal på 3. plass og Volda på 73. plass. Det same barometeret viser at begge kommunane hadde høgt kostnadsnivå på tenestene.

Store økonomiske utfordringar

Dei økonomiske utfordringane er svært store for den nye kommunen. Vi skal kutte om lag 10 millionar kroner i 2020. I juni legg vi fram økonomirapport med oppdatering av økonomisk status, kor langt vi har kome med tiltaka for å redusere drifta og verknader på økonomien som følge av korona og endringane i revidert nasjonalbudsjett. Utfordringane har auka både i år og for åra framover.

I budsjettvedtaket for 2020 ligg det inne ei forventning om reduksjon i administrative stillingar tilsvarende 1,5 millionar kroner. Arbeidsgivar jobba med problemstillinga i heile 2020. Vi ser at vi ikkje greier å gjennomføre nedbemanning så raskt at vi får den forventa innsparinga i år. Det vi ikkje greier å innfri i 2020, vil vi måtte dra med oss over i 2021. Det er krevjande prosessar å nedbemanne. Det mange omsyn å ta. Slike prosessar skapar også mykje uro i organisasjonen, og det er eit stort behov for informasjon.

Nedbemanning

Arbeidsgivar har hatt fleire drøftingsmøte med alle hovudtillitsvalde og hovudverneombod, der vi har drøfta utvalskrets nedbemanninga skal omhandle, utvalskriterium og andre sider ved prosessen. Reduksjon i stillingar i år skal skje innanfor administrasjon. Det er administrativt vedtatt med eitt årsverk i avdeling for dokumentasjon og service, eitt årsverk i økonomiavdelinga og eitt årsverk i personalavdelinga. Både økonomianalysen (KOSTRA-analysen) og samanlikning

med andre kommunar, viser at vi har eit potensiale for reduksjon her utan at det skal gå utover kritiske tenester i dei tre avdelingane. Vi er også inne i fleire prosessar rundt digitalisering, som vil føre til effektivisering av ulike arbeidsoppgåver.

Servicepensjon

Kommunen må redusere lønsbudsjettet, og oppseiing kan verte nødvendig. I denne situasjonen vil kommunen vurdere å tilby servicepensjon som eit verkemiddel for frivillig avgang, i håp om å redusere talet på oppseiingar. Tilbodet vil ikkje vere ein rett, men ei ordning arbeidsgjevar kan nytte etter avtale med kvar enkelt arbeidstakar. Den vil gjelde for dei som har opparbeid seg rett til å gå av ved AFP ved 62 år. Ordninga vil innebere at arbeidsgivar går inn og dekkjer mellomlegget mellom uttak av AFP ved 62 år og tenestepensjon ved fylte 65 år. Eit slikt tiltak vil truleg ikkje vere heile løysinga. Om dette skal ha effekt må stillinga som blir vakant vere av ein slik art at den ikkje treng erstattast, og eit større tal på tilsette må velje å nytte seg av ordninga. Prosessen med nedbemanning omhandlar ei ramme på 1,5 mill kroner i år, men den vil halde fram med ytterlegare nedbemanning i 2021. I første omgang vil vi gå ut med informasjon og kartleggje interesse for servicepensjon blant dei tilsette i administrative stillingar som er i utvalskretsen i denne delen av prosessen. Det kan vere aktuelt å utvide dette til alle sektorar med sikte på neste fase i nedbemanninga og opp mot budsjettet for 2021.

Skape økonomisk handlingsrom

I førre informasjonsskriv orienterte eg om at KS Konsulent har utarbeidd ei analyse over drifta av Volda kommune. Den viser at kommunen kan frigjere økonomisk handlingsrom. Vurdert opp mot samanliknbare kommunar så kan vi redusere standard og samle tenester og samtidig oppretthalde gode nok tenester. Dersom ein skal ta ut effekten som KS Konsulent viser, så vil det naturleg røyve ved mange interesser og skape uro. Kommunen er i ein situasjon der ein må gjere noko av dette for å balansere drifta. Dersom kommunen skal investere, må ein i tillegg skape eit handlingsrom for å forrente nye låneopptak. Dette vert tema i prosessen med budsjettet og økonomiplanen for perioden 2021 – 2024.

Ta vare på eiga helse

Dei økonomiske utfordringane kan nok vere tyngjande. Samtidig er vi ein felles organisasjon med god kompetanse og mange moglegheiter. Vi må løyse dette i fellsskap, og vi kjem ikkje unna å gjere noko med situasjonen. Det er viktig å finne lommer for avkopling og ny motivasjon. No går vi snart over i pinsehelg, der ein kan gjere nettopp det. Hugs på at koronasituasjonen er her enda. Smitta er ikkje borte frå det norske samfunnet. Det er viktig å følgje dei grunnleggjande smittevernreglane. Hald avstand, vask hendene ofte og hald deg heime dersom du er sjuk.

På kommunen sine heimesider finn de informasjon til tilsette om Covid 19:
<https://www.volda.kommune.no/beredskap/for-tilsette/informasjon-til-tilsette-vedrorande-covid-19/>

Det er viktig at de følgjer med på denne sida og held dykk oppdatert.

Eg ynskjer deg ei god helg når den tid kjem☺.

Beste helsing
Rune Sjurgard
Kommunedirektør